



## ÅRSMELDING 2012

### Styret for 2012 var slik samansett:

Leiar : Torgeir Evjen  
Styremedlem : Frank Cleveland Nestleiar  
Styremedlem : Anne Grete Aase Eide Kasserar  
Styremedlem : Kristian Nordtveit Styremedlem  
Styremedlem : Svein -Arne Storesund Skrivar  
Varamedlem : Karsten Solsvik  
Varamedlem : Terje Larsen

Valnemnd : Svein Tore Solsvik  
: Inge Kolltveit  
: Jan Bjørøy

Revisor : Torill Solsvik  
Festnemnd : Kristian Nordtveit Leiar  
: Terje Larsen  
: Kjell Erik Nilsen  
: Hans Olav Fjell

(I styret for 2012 står Kristian Nordtveit og Svein-Arne Storesund på val. Leiar og varamedlemmer står på val kvart år.) Styret i kystlaget har i år hatt 6 styremøter. Medlemmer frå styret har i tillegg hatt møte med kultursjefen og politikarar i Fjell, Vestnytt og fleire møte med Stiftinga Langøy mv. Det vart halde 3 medlemsmøter i løpet av året: eit etter årsmøtet, eit på vårparten eit medlemsmøte i november.

### Kystlaget har delteke på / stått for følgjande arrangement i 2012:

- Torskekveld på Langøy Kystkultursenter
- Torgdagen i Bergen. Kystlaget var i 2012 fullt ansvarlig for heile vakthaldet på torgdagsarrangementet
- Havfestival på Storesund
- Langøymarknaden
- Omvisning og møte med Styre i Forbundet Kysten på Langøy Kystkultursenter
- Krabbe- og rekekveld på Langøy
- Juleavslutning på Storesund

I sommarsesongen stod Kystlaget som ansvarleg for drifta av søndagsopen kafé på Langøy Kystkultursenter og har gjort dugnad i høve klargjering og gjennomføring av dette arrangementet også i 2012.

I 2012 har vi hatt desse båtane på sjøen: *Sotrabuen*, *Sigvarten*; *Osvalden*; *Sørlendingen*, *Ole P* og *ein seksring*.

Dugnaden på Gjertsen-naustet, Bua-naustet, Sotrabuen og på Storesundet har hatt godt fram møte gjennom heile året. Vi har vore opp i mot 20 personer på dugnad i periodar. Og 12 -15 deltakarar på dugnad har vore vanlig både i vår- og haust semesteret i løpet av siste året.

Det har vore gjort mykje arbeid på båtane i løpet av siste året. Av dette nemner vi her: Reparasjon av lekkasjar i baugen på Ole P, opp-pussing og istandsetjing av Sørlendingen, reparasjonsarbeide i akterspeilet på Norden , istandsetjing og oppussing av Gråsia på vårparten. Klargjering av motorinstallasjon i Gråsia, opp-pussing av Osvalden og gjenstående opp-pussing av Sørlendingen.

Det har også vore gjort mykje arbeid med oppgradering av Sotrabuen i både vår- og haustsesongen. Dette har bestått i legging av nytt dekk, utføre reparasjonar på eksosanlegg, utskiftingar og fornyingar av deler av elektrisk anlegg og utstyr samt service og vedlikehald på hovudmotor og maskineri. Vi har



også demontert gamle master og laga nye som no er klare for montering. Det er investert ca kr 12.000,- i materialar og lagt ned ca 350 arbeidstimer på Sotrabuen i løpet av siste år.

Vi fekk også ein ny og interessant båt inn i kystlaget i 2012. Der er ein snurpedorry frå Tellnes som har tilhøyrt snurparen "Norig" frå Tellnes. Denne notbåten var vi å henta på Tellnes tidleg i mai månad. Båten står no i naustet på Ågotnes.

I Bua-naustet har det vore gjort mykje arbeid i høve klargjering av verkstaden i 1. etasje, installasjon av elektrisk anlegg og isolasjon – og innredningsarbeid i 2. etasje. Investeringane i Bua-naustet har siste år vore på ca kr 112.000,- og det er utført ca 650 arbeidstimer på naustet i løpet av siste år.

På slippen i Storasundet har operatørane Nils Risholm og Terje Larsen hatt oppe vel 50 båtar i 2012 - sesongen. Det har oppstått slitasjeskader på slippen så det har vore behov for utskifting av hjul og reparasjon av lager og aksler på slippvogn. Slippen vår i Storasundet har også i år vore ei god og viktig inntektskjelde for kystlaget.

Kystlagsdamene har hatt samling på onsdagane og arbeidt med baking. Bakegruppa har baka skillingsboller og lefser som laget har solgt på torgdagen og Langøymarknaden.

Fjell Kystlag har fått ein betydelig aktivitet i løpet av dei siste åra. Det har gjort det nødvendig å organisere arbeidet vårt i arbeidsgrupper. Vi har nå i arbeid ni forskjellige arbeidsgrupper : - ei gruppe for reparasjon og vedlikehald av båtar i Giertsen –naustet, to arbeidsgrupper for arbeid på Bua-naustet, ei gruppe for arbeid på Sotrabuen, ei gruppe for arbeid på slippen på Storesund, ei gruppe for arbeid på Langøy Kystkultursenter, ei gruppe for baking av lefser og skillingsboller mm og ei gruppe for arrangement og tilstellingar. Vi har i løpet av siste året fått i gang ei ny gruppe som arbeider med å søkje etter finansieringsmuligheiter og skrive søknader om tilskot til investering og drift av kystlaget. Denne arbeidsgruppa består av Svein – Arne Storesund, Frank Cleveland og Rolf Henriksen.

Også i år har fire av laget sine båtar blitt lagra i naustet til Hans M. Vindenes vederlagsfritt. Styret i kystlaget takker mykje for denne tenesta til laget vårt.

Laget har ved utgangen av året 95 medlemmar og 9 bedriftsmedlemmer. Bedrifts -medlemmene er som følgjar: Lie Gruppen, Maron AS, Coast Center Base AS, Mento AS Bergen, Fjell Industrier A/S, Turøy & Algrøy Byggm. AS, Endre Dyrøy PR ANS, Sekkingstad AS, Maron AS.

Styret oppfordrar alle til å koma med forslag til bedrifter som kan støtte laget og om personar som ønskjer å bli medlem.

Kystlaget har i 2012 fått desse ekstraordinære tilskota, gaver og kompensasjon for kultur- innsatsen i Fjell Kommune og på Torgdagen: Ekstraordinært tilskot frå Fjell Kommune ifm arrangement av Langøy marknaden på kr 10.000,- og tilskot etter søknad til Bua-naustet kr 25.000,- + kr. 2.000,- til lagsarbeide. Flott gåve som bestod av myke nytt hand-verktøy frå TESS på Ågotnes. Ekstraordinær kompensasjon for innsats på Torgdagen på kr 13.000,-.

Styret takkar alle medlemmene, bedriftsmedlemmene og alle andre som har bidrege med støtte til Fjell kystlag i 2012. Styret vil spesielt takke våre medlemmer i arbeids-grupper og medlemmer i støttefunksjoner til laget vårt i mange samanhenger. Det er et trivelig og uformelt miljø på dugnadane med ein stor innsats og med flotte resultat for laget vårt.

Kolltveit 21. februar 2013

Torgør Evjen  
Leiar

Svein Arne Storesund  
Skrivar